

HANDLINGSPLAN FOR STADUTVIKLING- 2010-2015



Innleiing

Det har vore ei omfattande undersøking i 2008/2009 der stadutviklingskomiteen, kommuneadm., NIBR og Asplan Viak har invitert innbyggjarane i Eidfjord til å formidle sine tankar om kva Eidfjord skal vera i framtida. Denne omfattande datainnsamlinga har resultert i ein rapport "Stadutvikling i Eidfjord – Sosiokulturell stadianalyse" utarbeidd av sosiolog Guri Mette Vestby, som har vore NIBR sin prosjektleiar, og moglegheitskissene " Stadianalyse Eidfjord – "Med hjarte for bygda" av Sivilarkitekt Fredrik Barth frå Asplan Viak AS .

Innhaldet i Handlingsplanen er basert på dei ovanfor nemnde rapportane, og dei konkrete tiltaka som er foreslått i dette dokumentet er knytte til dei ønske som har kome fram gjennom datainnsamlinga. I underkant av 150 av innbyggjarane i Eidfjord har delteke og vore aktive og særskilt medspelarar.

Arbeidet med stadutvikling har pågått i to år og har vore igjennom ulike fasar. I byrjinga var det viktig å få avklart kva ein ønskte med analysen, vidare fann ein det føremålsteneleg å sjå stadutvikling i eit heilskapleg perspektiv. Me brukte tid på å finna konsulentar som kunne sjå at samfunnet vårt ikkje berre er ein fysisk stad, men også innehold sosiale og kulturelle sider, og konsulentar som har evna til å knyte desse faktorane saman. Me valde å gjennomføre ei grundig og omfattande undersøking, der medverknad og involvering frå lokalfolket har vore heilt sentralt. Det har vore tid- og kostnadskrevjande, men har særskilt gode resultat. Det grundige forarbeidet gjer større moglegheit for å lukkast med stadutvikling i åra framover, då forankringa ligg hjå lokalfolket og deira medverknad og involvering.

- Handlingsplanen inneholder oversikt over konkrete tiltak som er planlagt gjennomførte frå 2010-2015. Planen er inndelt etter kostnadskrevjande og mindre kostnadskrevjande tiltak. Noko må kommunen ha hovudansvaret for, andre tiltak kan ein utvikla i eit samarbeidsforum. Tidsperspektivet for ferdig gjennomføring av kvart av tiltaka er avhengig av finansiering, menneskelege ressursar og framdrift for kvart av prosjekta.
- Den framlagte handlingsplanen er meint å vera styrande for vidare arbeid med stadutvikling, og vera rettleiande for rullering av reguleringsplanen for Vik-Lægreid.
- Kvart av tiltaka som er foreslått i planen vil ha sin eigen detaljplan både når det gjeld framdrift, ansvar, innhald, kostnader og finansiering. Detaljplanane vil verta utarbeidd i samråd med fagekspertise og lokal ressursgruppe. I prioriteringsplanen av kostnadskrevjande tiltak vil kvart av tiltaka verta fremja som enkeltvedtak i Eidfjord kommunestyre.
- Stadutvikling er eit pågående prosjekt som må sjåast i eit langtidsperspektiv og i tråd med den generelle samfunnsutviklinga, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det vert difor naudsynt å vurdere ein revidering av planen, om ein finn det føremålsteneleg.

Hovudmålsetjing:

Å skapa eit kompakt og flott sentrum som kan bidra til å skapa ei attraktiv bygd og vera grobotn for bli-lyst og trivnad og næringsutvikling. Dette er grunnleggjande for at ein skal nå målet om tilflytting og auka innbyggjartalet i Eidfjord. Å styrka kommunesenteret med tanke på framtidige kommunestrukturar.

Strategi:

Eit heilskapleg perspektiv på stadutvikling, der ein har fokus på opne og transparente prosessar. Det vert lagt særskilt vekt på involvering og medverknad av lokalfolket som skal gje rom for kreativitet, skaparkraft og engasjement. Kunst og kultur, som òg er knytt til næringsutvikling, vert eit sentralt element i vidare arbeid med stadutvikling. Stadutvikling er politisk og administrativt forankra.

Bakgrunn og grunngjeving

Stadutvikling er eit viktig satsingsområde i mange kommunar og ein viktig strategi for regionalutvikling. Over heile landet er det stor aktivitet for å utvikla meir attraktive tettstader og småbyar. I ei tid med mykje flytting, er konkuransen om innbyggjarar, arbeidsplassar og den gode arbeidskrafta sterkt. Dei stadane som vert opplevde som mest attraktive går ofte av med sigeren. Ved å satse på stadutvikling vel kommunen ein god strategi for framtida.

Ordet stadutvikling famnar vidt og vert brukt ulikt frå stad til stad og frå kommune til kommune. For nokre er omgrepene ein tydig med estetikk, byggeskikk, og ei fornying av dei fysiske omgjevnadane. Andre definerer stadutvikling meir i retning av ein strategi eller metode for brei utvikling av lokalsamfunnet, der dei fysiske omgjevnaden vert sett i samanheng med sosiale miljøet på staden, kultur- og fritidstilbodet, næringsutvikling m.m.

Utviklinga av ein stad er å ha auga for den fysiske omgjevnad, men òg mennesket si tilknyting til staden er viktig. Våre eigne opplevingar og erfaringar tyder mykje for våre sosiale liv, vår oppfatning av staden og korleis me brukar den. Skal ein lukkast med å skape ein attraktiv stad, er det difor viktig at kommunen inviterer innbyggjarane, foreiningar, næringsliv og lokale eldsjeler til eit samarbeid – med rom for kreativitet, skaparkraft og engasjement for alle. Erfaringar viser at det å delta i utviklinga av eige lokalsamfunn kan gje eit meir inkluderande samfunnsliv og styrke folks stoltheit og tru på framtida.

Nasjonal satsing på lokal samfunnsutvikling

St.meld nr.21 "Med hjarte for heile landet" (2005-2006) og oppfyljinga av denne; st. meld. nr. 25 "Lokal vekstkraft og framtidstru" (2008-2009) legg ein sterke føringar på sentrale myndigheiter sin vilje til å satsa på distrikta. I sistnemnde stortingsmelding heiter det m.a. at; "Regjeringa vil at alle skal ha reell fridom til å busetje seg der dei vil. Vi vil sikre likeverdige levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Regjeringa vil oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret for å vidareføre og vidareutvikle det mangfoldet i historie, kultur og ressursar som ligg i dette." Vidare heiter det at "Regjeringa vil styrke vekstkrafta nedanfrå gjennom kommunane si evne til å mobilisere lokale krefter for brei lokal samfunnsutvikling." Vekst kjem nedanfrå og dei viktigaste ressursane i landet er dei som ligg i arbeidskrafta til folk, og i folk sine kreative løysingar på utfordringar."

Med slike signal om kva som skal til for at bygdene skal ha ei livskraftig utvikling bør ein legge føringar for den vidare satsinga på stadutvikling der omgrepet famnar, ikkje berre det visuelle inntrykket av staden, men i like stor grad og bli-lust og trivnad.

Planlegging og medverknad i tråd med plan og bygningslov

Den nye plan- og bygningslova (01.07.2009) tydeleggjer at samfunnsdelen i kommuneplanen skal vere førande for arealutviklinga. Samfunnsdelen skal innehalde langsiktige utfordringar, mål og strategiar og ein juridisk bindande arealDEL som gjev hovudtrekka i arealdisponeringa. Kommunesamfunnet som heilskapleg og alternative strategiar for utvikling av kommunen skal gjerast greie for i samfunnsdelen.

Kommuneplanens samfunnsDEL skal òg gje retningslinjer for korleis kommunens mål skal nåast ved medverknad frå andre offentlege organ og private. Det heiter m.a at "Planmyndigheita skal gjennom heile planarbeidet sørge for ein open, brei og tilgjengeleg medverknad i lokalsamfunnet og dialog med organiserte og uorganiserte interesser".

Planmyndigheita skal arbeide for størst mogeleg offentlegheit og reell medverking i planprosessane" (Miljødepartementet 2008). Det vert framheva at det er ei plikt å gjennomføra aktive tiltak for å få til ønska medverking, og at dette skal gjerast tidleg i planprosessen. Det vert lagt opp til ein praksis som tilseier at dei aktørar det gjeld skal kunne medverke aktivt og tidleg, i motsetning til å vera ein meir passiv respondent på planforslag som er lagt ut til høyring, då mykje allereie er bestemt.

Handlingsplanen sitt verkeområde

Det vidare arbeidet med stadutvikling vil konsentrera seg om tre verkeområde. Desse områda viser det mangfold av forslag og idear som lokalfolket teiknar av eit framtidig Eidfjord. Det er ikkje berre konkrete forbetringar eller aktivitetar og funksjonar som dei ønskjer at sentrumsområdet skal romme. Forsлага rommar òg symbolske formål som er viktige å ta med seg i vidare arbeid med stadutvikling. Dei tre verkeområda inneheld essensen av både sosiale, kulturelle og fysiske tiltak som til saman utgjer eit heilskapleg bilet av det framtidige Eidfjord.

1. Forskjønning

Forskjønning dreier seg om fortetting, opprusting og å skape arenaer der folk møtest og som skapar "liv og røre". I anbefalingar frå både NIBR og Asplan Viak er dette eit sentralt tema, då det er eit faktum at me har eit "stort" sentrum i høve til talet på innbyggjarar, og sentrum kan opplevast som ein sosial ørken, spesielt i vinterhalvåret. Sentrum har til no kanskje hatt mest fokus på tilrettelegging for besökande og turistar. I vidare arbeid med stadutvikling er fokuset retta mot sambruk av sentrum både for lokalfolket og for turistane. På den måten kan ein redusera vinterdvalen, og lokalfolket kan nytte sentrum som sin arena like mykje som besökjande.

Sentrum slik det fysisk framstår i dag er ganske hardt. Det er harde overflater i form av veg og parkeringsplassar. Enkle grep kan gje store endringar, døme er å organisere parkeringa i meir praktisk tilrettelegging og myke opp dei harde overflatene ved å male kunst på asfalten. Det er også store areal å hente med ei meir effektiv løysing på dei infrastrukturelle tilhøva i Eidfjord sentrum.

Ein samlokalisering av funksjonar vil verke samlande og i tillegg vere ressurssparande.

Området rundt Heggjagarden har eit utviklingspotensial, og kan vere ein portal inn til sentrum. Området kan tilretteleggast til aktivitet som tilfredstiller ulike brukargrupper (les: lokalfolket og besøkjande, tilreisande, turistar). Mange gode råd og anbefalingar har kome fram i rapporten frå NIBR og Asplan Viak. I fortsettinga med stadutvikling vil desse rapportane være rådgjevande og eit verkty for korleis me tenkjer rundt utforming og forskjønning av sentrum.

2. Å byggja fellesskap og bruer mellom ulike interesser:

Mange av forslaga lokalfolket har kome med kan tolkast som eit ønskje om brubygging som kan bidra til sosial samhandling: folk skal gjevast fleire høve til å møtest, anten på uformelle møteplassar og serveringsstader, som del av aktivitetar og opplevelingar, eller rundt arbeid med utsalstader, marknadsaktivitetar, kulturarrangement og liknande. Også andre bruer vart teikna i framtidsbileta: mellom ulike næringsaktørar som vil etablere eit nærrare samarbeid; mellom tilflyttarar og bygdefolk; og mellom skiljelinjer som oppsto frå tidligare historiar og hendingar i lokalsamfunnet. Slike aktivitetar vil det verta lagt stor vekt på i vidare arbeid. Aktivitetar som dekkar dei ulike behova kan ein få til ved å danne ulike samarbeidsformar. Det er viktig å påpeike at mange av aktivitetane som skal skje i stadutvikling ikkje nødvendigvis skal ha regi frå kommuneadministrasjonen. Det er ein fordelingsnøkkel som skal vera hensiktsmessig i forhold til kva slags aktivitet ein ønskjer og kven som skal bera ansvar, igangsetjing og gjennomføring av aktivitetane. Eit samarbeid mellom ulike sektorar kan vera næringslivet, interesseorganisasjonar, tilflyttarar, ungdom, eldre osv. Denne måten å organisera på har ein tilleggsverdi ut over den konkrete målsetjinga. I slike fora byggjer ein samhald mellom lokalfolket, på tvers av generasjonar og sosiale skilje, og bygger opp arenaer som rettar seg mot mange målgrupper. I tillegg tek ein i bruk sosial kapital som er konstruktivt for heile bygdesamfunnet. Når ein har gjennomført aktiviteten og nådd målet, er det mange som har eigartilhøve til suksessen. Slik byggjer ein bli-lyst og trivnad, noko som er heilt avgjerande for å vera ein attraktiv stad der folk ønskjer å bu, og skape eit livskraftig lokalsamfunn i framtida. Dette er også viktig med tanke på moglege framtidige kommunestrukturar.

3. Identitetbygging som er nytenkjande og kreativ:

Den lokale identitetsbygginga dreier seg om fleire tilhøve, alt frå serpreg ved fysiske utforming til lokal mentalitet. Til dømes er det kome ein del kreative forslag som symbolisk vil fortelje så vel bygdefolket som omverda noko om deira vilje og evne til å torna utradisjonelt. Strikkeprosjektet, der trea i alleen i innkjøringa frå vest vart kledd i strikk som er produsert av bygdefolket, gjer eit slik signal. Bygdefolket sin "tiltakspakke" seier i tillegg noko om at sentrum ved fjorden er viktig for deira stadtilknyting og lokal identitet. Dei vil vera stolte av Eidfjord ved fjorden, på same måte som dei er stolte av fjella og vidda. Både ungdom og vaksne peikar på potensialet for kreative installasjonar og anlegg i sentrum. Alt frå nytenkjande og fantasifulle anlegg i elvelaupet, til måling på asfalt, temperere arkitektur som kan skape

aktivitet for bygdefolket så vel som for turistar. At bygda viser rom for mangfaldet, engasjement og kreative løysingar er vesentleg om ein skal vera attraktiv som bygd. Mange bygder er prega av konservative og tradisjonelle tenkemønster. Der nye metodar og idear vert fort ”slakta” og dømt til å misslukkast fordi ein ikkje evnar å tenke utover det tradisjonelle eller ”slik har det alltid vore.”. Slike lokalsamfunn mister tiltrekkingsskrafta si og tapar den stadig veksande stadkonkuransen. Innbyggjarane har gjennom alle sine forslag vist at her bur det mange kreative og nytenkjande menneske som gjennom samhandling ser at ”alt” er mogeleg å få til, om vilja til samhandling er sterkt nok.

Sentrale myndigheter satsar stort på kommunalt omdømmebygging. Både gjennom nasjonale strategiplanar og ikkje minst satsinga gjennom Distriktsentra gjer ein utrykk for at omdømmebygging er heilt vesentleg skal eit lokalsamfunn overleve. Ein satsing på omdømmebygging gjennom kunst og kultur, der lokalfolket, næringsliv, kommune adm., går saman i kreative tiltak vil ha vesentleg plass i vidare arbeid med stadutvikling.

Som fysisk stad er identiteten, slik det vaks fram i temagruppene, knytt til Heggjagarden, Lægreid gamle skule og ungdomshuset, og området som historisk byggjemiljø viktig å ta vare på. Ønskje om at husa og området skal utviklast vidare både fysisk og innhaldsmessig står merkbart sentralt. I forslag om konkrete tiltak er dette området vektlagt i tillegg kjem området utan for Coopen og kommunehuset.

4. Prioritering av konkrete fysiske tiltak - kostnadskrevjande tiltak

	Tiltak	Innhald	Ansvar	Periode
1.	Sjøbua	Ytre og indre tilrettelegging for heilårsdrift retta mot lokalfolket og besökande. Nærings basert på lokal og regional produkt. Døme: kortreist mat og lokalprodusert handverk	Eid fjord kommune har ansvar for ytre og indre rehabilitering av bygget. Drifta av private initiativtakrar. Samarbeid med EK, EU, fylkeskommunen og andre. Kontraktfesta leigeavtale med leigetakarar Mellom leigetakarar og Eid fjord kommune	2010-2011
2.	Gjestgjeveriet	Ytre og indre tilrettelegging for heilårsdrift retta mot næring. Samlokalisering av fleire lokale aktørar som står for dagleg drift.	Eid fjord kommune har ansvar for ytre og indre rehabilitering av bygget. Kontraktfesta leigeavtale med leigetakarar	2011-2012
3.	Trinn 1: Vitalisering av området frå Casablanca til sjøbua.	Tilrettelegging for parkanlegg evt. Kai i området frå Casablanca til sjøbua	Eid fjord kommune tek initiativ i samspel med ressursgruppe	2011-2013 Mål: ferdigstilt til bru opning i 2013

	Trinn 2: Vitalisering av området fra sjøbua til Eidfjord Marina	Ferdigstille den nedre del av promenaden frå sjøbua til Eidfjord Marina. Tiltaket er naudsynt òg i samband med vedlikehald av strukturane.	Eidfjord kommune	2013-2015
4.	Opprydding av inngangspartiet frå aust mot sentrum.	Området har trong for forskjønning og opprydding	Eidfjord kommune	2010-2011
5.	Omorganisering av parkeringsplassen utan for Coopen og området mot tusenårsplassen utan for Eidfjord kommunehus	Betra utnytting av parkeringsområdet, forskjønning av området.	Eidfjord kommune i samarbeid med styre i coop og ressursgruppe evt. ungdom	2011- løpende
6.	Samlokalisering av ulike tenesteytande funksjonar i Eidfjord kommunehus	Ein samlokalisering av fleire tenester kan ein spare ressursar. Det vil og møte trøngen for publikumsvennleg møteplass spesielt i vinterhalvåret	Eidfjord kommune i samarbeid med aktørar som er part i omorganiseringa	2012

Prioritering av mindre kostnadskrevjande tiltak

Tiltak	Innhald	Ansvar	Periode
Lyskunst	Vidareutvikle den allreie eksisterande lyskunsten og sjå på nye måtar å bruke lys i sentrum. Lys som element i stad- utvikling	Ressursgruppe i samarbeid med lokale eldsjeler og kommunen	2010-2011
Ibane	Temperert ibane	Ressursgruppe i samarbeid	2011

		som kan setjast opp i vinter halvåret og om formålsteneleg i sommarhalvåret	med ungdom og kommunen	
	Skatepark	Skatepark som kan vere eit alternativt tiltak for ungdom	Ressursgruppe i samarbeid med ungdom og kommunen	2010
	Stadforming	Heilskapleg grep for estetikk, fargesetting, materialbruk og byggeskikk. Det er viktig at ein ser dette i ein samanheng.	Eid fjord kommune i samarbeid med dei aktørane som er berørt og fagekspertise (døme: Norsk form)	
	Leikepark i sentrum	Utvikle område i sentrum som kan vere eit rekreasjonsområde for mange brukargrupper, spesielt med tanke på småbarnsforeldre	Eid fjord kommune i samarbeid med Ressurs gruppe	2011

Organisering for vidare arbeid med stadutvikling

Kommunestyret har sett i gang arbeidet med stadutvikling. Mange av forslaga vil høyre til deira ansvarsområde, anten som konkrete tiltak eller som grunnlag for overordna kommuneplanlegging, konkrete arealplanar eller detaljplanar. Tidsperspektivet vil variere frå det kortsiktige som kan realiserast ”i morgen” til det langsiktige som krev mykje planlegging, finansiering og forhandlingar.

Det er naturleg at vidare organisering av arbeidet med stadutvikling vert oppfølgt på ein systematisk måte gjennom etablering av ein form for samarbeidsforum på tvers av offentlege og private aktørar, interesser og erfaringar. Slik vil ein i tillegg imøtekoma den uttrykte tronen for meir dialog på tvers av offentlige -private skiljelinjer og for prosessar som er prega av meir openheit og informasjonsflyt.

Stadutviklingskomiteen sine medlemmer vert eit interimstyre som har som målsetting å opprette ei ressursgruppe ”Med hjarte for Eid fjord” som saman med kommuneadministrasjonen arbeider vidare med stadutvikling. Denne ressursgruppa vil vera breitt samansett og representera ulike brukarinteresser i lokalsamfunnet.

Ressursgruppa vert samarbeidspartner med Eidfjord kommune for å iverksetja tiltak. Dei vil og vere initiativtakarar til tiltak som ikkje er i kommuneadministrasjonen sin regi.

På sikt er det ønskjeleg at delar av arbeidet med stadutvikling gradvis vert like mykje eit kollektiv ansvar som eit kommuneadministrativt ansvar.